

Vestland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.
2026/28276-3

Vår ref.
26/00188-2

Sakshandsamar
Halldis Hobæk

Dato
22.05.2026

Vedr. sak til vurdering - Hydro Energi AS - midlertidig fråvik frå manøvreringsreglementet - Tyin kraftverk - Tyin - Årdal kommune

Me viser til brev motteke 11.05.2026.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

I forkant av konsesjonsvedtak for Tyin kraftverk vart det gjennomført kulturminneregistreringar i området i 1998-2001, og det vart då mellom anna registrert steinalder-lokalitetar ved strandsona ved Tyinosen. Lokalitetane vart påviste ved maksimal vasstand, og det er no planlagd nedtapping som vil eksponere større delar av regulert strandsone. Bergens Sjøfartsmuseum er samde med Vestland fylkeskommune i at den planlagde nedtappinga av Tyin gir eit stort potensial for nye arkeologiske funn.

Som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, krev Bergens Sjøfartsmuseum undersøkingar av om det kan være automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrørande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

Med helsing

Halldis Hobæk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi:
marinarkeologi